

F I S K E R I D I R E K T Ø R E N

Bergen, 8.10.1971
Ny/LGV

451/

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 288.

Endring av forskrifter av 16. januar 1968 om fisket ved elve-
utløp i Nordmøre laksedistrikt og i innerste del av Bafjorden,
Møre og Romsdal fylke.-----

Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvannsfiske
fastsatte den 24. september 1971 endringer i ovennevnte for-
skrifter. Endringene gjelder fisket ved utløpet av Vågsbøelven
og Einsetelven i Eide. Forskriftene i endret form følger
vedlagt.

Forskriftene kan fås ved henvendelse til Direktoratet
for jakt, viltstell og ferskvannsfiske, Trondheim.

DIREKTORATET FOR JAKT VILTSTELL OG FERSKVANNSFISKE

Elgesetergt. 10, 7000 Trondheim, tlf. 37 020.

KGJ/MB/OY/EW/ng.

DIREKTORATFØRESEGN.

Føresegner om fisket ved elveutlaup i Nordmøre laksedistrikt og i inste del av Baffjorden, Møre og Romsdal fylke.

I medhald av lova om laksefiske og innlandsfiske frå 6.mars 1964, § 68, jfr. kgl. res. frå 24.september 1965, har Direktoratet for jakt, viltstell og ferskvannsfiske den 16.januar 1968 med endring av 24.september 1971 fastsatt desse føresegner for fisket i Baffjorden, Averøy kommune, og for fisket ved utlaupet av desse elvene i Nordmøre laksedistrikt, Møre og Romsdal fylke:

Vågsbølva og Einsetelva i Eide kommune,
Hopnelva i Smøla kommune,
Øksendalselva, Driva og Lilledalselva i Sunndal kommune og
Surna, Bævra, Todalselva og Søya i Surnadal kommune.

I.

I Baffjorden, Averøy kommune, og ved utlaupet av dei elvane som er nemnde ovanfor, er det innanfor dei område som er nærare fastsatt nedanfor, til kvar tid forbode å nytta snurpenot, kastenot og setjogarn, likeeins kilenot, krokarn, lakseverp og liknande innretningar.

Forbodet gjeld ikkje fiske med kastenøter med maskevidd 5,8 cm eller meir i tida frå måndag kl. 18 til onsdag kl. 18 når det kan provast at slik reiskap vart nytta før matrikkelrevisjonen etter lova frå 6.juni 1863 og det vart teke omsyn til dette fisket ved auke i matrikkelskulda.

Forbodet gjeld heller ikkje bruk av vanlege sildenøter av minst

150 meter lengd og minst 30 meter djupn til fangst og anna fisk enn laks og sjøaure.

Fredningssonene:

Bafjorden i Averøy:

I det område i fjorden som ligg innanfor ei rett line som er dregen frå nord-austre spissen av Kalvøya til sør-vestre spissen av Omfarøya.

Utlauget av Vågsbøelva og Einsetelva i Eide:

Frå grensa mellom elv og sjø utover til ei rett line som er dregen frå yste punktet av steinkalla på Svanvika Bruk over Isingvågen til våningshuset på eigedomen til Klaus Egge, gnr. 164, bnr. 42

Utlauget av Hopeneiva i Smøla:

Frå grensa mellom elv og sjø utover til ei rett line dregen 250 meter frå denne grensa.

Utlauget av Øksendalselva i Sunndal:

Frå grensa mellom elv og sjø og utover til ei rett line dregen mellom boltar som er nedsette 500 meter frå denne grensa og på kvar si side av fjorden.

Utlauget av Driva og Lilledalselva i Sunndal:

Frå grensa mellom elv og sjø og utover til ei rett line dregen frå ein bolt ved utlauget av Sandvikelva på austsida av fjorden til ein bolt nedsett ved utlauget av Innvikbekken på Vestsida av fjorden.

Utlauget av Surna i Surnadal:

Frå grensa mellom elv og sjø og utover til ei rett line dregen mellom landgangsbrua som dampskipsselskapet eig på sørsida og til det vestre naustet som garden Glærum eig på nordsida av utlauget.

Utløpet av Bævra i Surnadal:

Innanfor eit område som innover vert avgrensa av ei rett line som er dregen frå husbygningen på plassen "Bøvernøstone" til husbygningen på plassen "Viken", og utover avgrensa av ei line dregen frå ytste laupet av gamle Sagelv på sørsida til ein bolt nedsett i fjell 30 meter innanfor Linaustet på nordsida av fjorden.

Utløpet av Todalselva i Surnadal:

Frå grensa mellom elv og sjø og utover til ei rett line dregen frå ytste punktet på Jutulborget på sørsida til Notnes på nordsida.

Utløpet av Søya i Surnadal:

Frå grensa mellom elv og sjø og utover til ei rett line som er dregen frå naustet på garden Spøyseter til naustet til Pederstuen - Kvande i nord.

II.

Brot på desse føresegner vert straffa.

III.

Føresegnene tek til å gjelda I.mars 1968. Samtidig vert desse føresegnene sette ut or kraft:

Kgl. res. frå 20.november 1953 om fredning av indre Bafjorden.

Kgl. res. frå 25. januar 1929 om fredning av utløpet av Vågsbøelva og Einsetelva m.v.

Kgl. res. frå 21.oktober 1927 om fredning ved utløpet av Hopenelva.

Kgl. res. frå 19.januar 1905 om fredning ved utløpet av Øksendalselva.

Kgl. res. frå 17.mars 1866 om fredning ved utløpet av Driva.

Kgl. res. frå 9.januar 1886, frå 19. august 1897 og frå 31.august 1906 om fredning ved utløpet av Driva (Sunddalselva) og Lilledalselva.

Kgl. res. frå 6. juni 1878 om fredning ved utlaupet av Lilledalselva.

Kgl. res. frå 5. august 1889 om fredning ved utlaupet av Surna.

Kgl. res. frå 1. april 1878 om fredning ved utlaupet av Bæverfjordelva.

Kgl. res. frå 18. august 1877 og frå 14. oktober 1882 om fredning ved utlaupet av Todalselva.

Kgl. res. frå 1. juni 1876 om fredning ved utlaupet av Søyaelva.
